



# Kompendium kostnader og inntekter

## Innhald

Kostnader .....	1
Inntekter .....	3
Inntektene til bedrifta .....	4
Formlar .....	4

## Kostnader

Vi skil mellom kostnader og utgifter:

**Utgift** er kjøp av ressursar, vurdert i pengar (varekjøpet frå økonomistyring).

**Kostnad** er forbruk av ressursar, vurdert i pengar (varekostnaden frå økonomistyring, dvs. at vi tek omsyn til endringa i varebeholdninga).

**Resultatet** finn vi ved å ta inntekter – kostnader.

Vi hugsar også frå økonomistyring at ved ledig kapasitet er det betre å tene noko enn ingenting, dvs. at alt vi kan oppnå av inntekt meir enn dei variable kostnadene, blir rekna som positivt. Da er det dei variable kostnadene som er relevante, og dei faste kostnadene er irrelevante. På lang sikt derimot er alle kostnader relevante.

Vi grupperer gjerne kostnader etter

- kostnadsart (type)
- direkte og indirekte kostnader
- faste og variable kostnader

**Direkte kostnader** er kostnader som vi direkte kan spore til eit enkelt produkt.

**Indirekte kostnader** er kostnader som er felles for fleire eller ei gruppe produkt.

**Faste kostnader (FK)** er kostnader som ikkje varierer med produksjonsmengda innanfor ei bestemt kapasitetsgrense, t.d. husleige, lønn til administrativt personell, avskrivningar, renter, forsikring og liknande.

**Sprangvise faste kostnader.** Dersom vi må auke kapasiteten (utvide), aukar også dei faste kostnadene, t.d. fleire maskinar, større lokale, fleire administrativt tilsette og liknande.

**Reversible og irreversible faste kostnader.** Reversible faste kostnader er faste kostnader vi kan kvitte oss med dersom produksjonen går ned att, dvs. dersom vi ikkje lenger har behov for den høgare kapasiteten. Irreversible faste kostnader er faste kostnader vi ikkje klarer å kvitte oss med dersom kapasiteten går ned (kostnader av meir permanent art).



**Driftsavhengige og driftsuavhengige faste kostnader.** Driftsuavhengige faste kostnader er faste kostnader som ikkje forsvinn om bedrifta innstiller produksjonen for ein periode.

Kostnader til lønn til tilsette som ikkje kan seiast opp eller permitterast, renter og avskrivningar er døme på slike kostnader som kjem sjølv om ein har driftsstans i bedrifta.

Driftsavhengige faste kostnader er faste kostnader som forsvinn med ein gong det blir ein driftsstans i bedrifta. Det kan vere lønn til tilsette ein kan permittere eller seie opp med ein gong, leigeavtalar på lokale, maskinar o.l. som har kort oppseiingstid.

**Variable kostnader (VK)** er kostnader som varierer med produksjonsmengda. Produksjon null = variable kostnader null, t.d. råvarer, materialar, lønn til tilsette i produksjonen, andre variable driftskostnader som straum til maskinar, drift av bilar og liknande.

**Proporsjonale variable kostnader** er kostnader som endrar seg i same takt som produksjonsmengda. Doblar vi talet på einingar i produksjonen, doblar vi dei variable kostnadene. Dei gir konstante einingskostnader, dvs. lik variabel kostnad per eining same kor stor produksjonsmengda er.

**Underproporsjonale variable kostnader** er kostnader som t.d. ved ein produksjonsauke kan utnytte dei variable produksjonsfaktorane betre ved å bli meir effektive. Til dømes kan ein ved større innkjøp av råvarer få lågare pris, og dermed lågare kostnad per eining. Dersom vi doblar produksjonsmengda, vil ikkje dei variable kostnadene doble seg tilsvarande, men vere lågare. Dei gir fallande einingskostnad, dvs. jo fleire einingar, jo lågare kostnad per eining.

**Overproporsjonale variable kostnader** er kostnader som aukar når vi nærmar oss kapasitetsgrensa fordi produksjonen da blir mindre effektiv, t.d. ved overtidsbetaling til dei tilsette, ein gjer fleire feil og liknande. Dersom ein doblar produksjonsmengda, vil ein meir enn doble produksjonskostnaden. Dei gir stigande einingskostnader, dvs. jo fleire einingar, jo høgare kostnad per eining.

NB! Når vi legg saman alle dei variable kostnadene i ei bedrift, vil einingskostnadene normalt sett stige frå først å vere underproporsjonale, deretter proporsjonale og til slutt overproporsjonale når ein nærmar seg kapasitetsgrensa.

Variable totalkostnader (VTK)



Underproporsjonale VTK



Proporsjonale VTK



Overproporsjonale VTK


Variable einingskostnader (VEK)



Underproporsjonale VEK



Proporsjonale VEK



Overproporsjonale VEK



**Differansekostnaden (DK) eller grensekostnaden** er kostnadsendringa ein får ved ei bestemt mengdeendring.

**Sum totale kostnader (STK)** = Faste totale kostnader (FTK) + Variable totale kostnader (VTK)

Ved å dele dei ulike kostnadene på talet på einingar finn vi einingskostnaden. Han får da nemninga variable einingskostnader (VEK) eller sum einingskostnader (SEK). For å finne differanseiningskostnaden (DEK) deler vi på talet på einingar mellom mengdeintervalla.

**Kostnadsoptimal produksjonsmengd** er den produksjonsmengda som gir den lågaste gjennomsnittskostnaden per eining.

Vi finn kostnadsoptimum på det lågaste punktet på SEK-kurva, det vil seie i skjeringspunktet mellom kurvene for differanseiningskostnader (DEK) og sum einingskostnader (SEK).

Når DEK er lågare enn SEK, betyr det at éi ny eining kostar mindre enn gjennomsnittskostnaden for dei tidlegare einingane. Kostnadmessig lønner det seg da å auke produksjonen.

Der DEK- og SEK-kurvane kryssar kvarandre, er kostnaden for å produsere éi eining til lik gjennomsnittskostnaden for den førre eininga.

Når DEK er høgare enn SEK, blir det dyrare per eining å aue produksjonen enn tidlegare, slik at det ikkje lenger kostnadmessig lønner seg å produsere fleire einingar.

Skjeringspunktet er derfor kalla **kostnadsoptimum**. Kostnadsoptimal produksjonsmengd er derfor der vi finn dei lågaste kostnadene per produsert eining.

I skjeringspunktet mellom kurvene for differanseiningskostnader og variable einingskostnader finn vi tilsvarande den produksjonsmengda som gir dei lågaste variable kostnadene per eining.

## Inntekter

**Etterspurnad** er summen av det som er ønskt kjøpt på ein bestemt marknad (der kjøparar og seljarar møtest).

**Nokre faktorar som verkar inn på etterspurnaden:**

- Pris på produktet  
Lågare pris fører normalt til auka etterspurnad, og høgare pris gir normalt lågare etterspurnad.
- Prisen på andre produkt  
Konkurrerende varer er varer som stort sett kan erstatte kvarandre.  
Komplementære varer er varer som på ein måte høyrer eller fungerer saman og vanskeleg kan brukast kvar for seg,



- **Kvaliteten**  
Betre kvalitet fører til større etterspurnad?
- **Salsinnsats**  
Reklame og andre former for marknadsføringstiltak, val av emballasje, servicetiltak.
- **Individuelle forhold ved etterspørjaren**  
Kjøpekrafta eller inntekta til kjøpegruppa.  
Smaken til kjøpegruppa og omgivnadene rundt.

Høgast mogleg etterspurnad er ikkje noko mål i seg sjølv. Det gjeld å finne den kombinasjonen av pris og sold mengd som gir størst mogleg overskot for bedrifta. Denne problemstillinga er behandla i kapittel 7 Marknadstilpassing.

## Inntektene til bedrifta

**Etterspurnad** er summen av det som er ønskt kjøpt på ein bestemt marknad.

**Salsinntekt** = Pris (P) · Mengd (X)

$$\text{Pris} = \frac{\text{Salsinntekt}}{\text{Mengd}}$$

**Overskot** = Inntekter – Totale kostnader

**Differanseinntekt (DI)** er endring i salsinntekta ved ei bestemt endring i den selde mengda.

$$\text{Differanse einingsinntekt (DEI)} = \frac{\text{Differanseinntekt}}{\text{Kor mange einingar i intervallet}}$$

## Formlar

Formel 4.1	Varekostnad	$\text{Varekostnad} = \text{IB}_{\text{varelager}} + \text{Innkjøp} - \text{UB}_{\text{varelager}}$
Formel 4.2	Faste einingskostnader	$\text{FEK} = \frac{\text{FTK}}{\text{Mengd}}$
Formel 4.3	Variable einingskostnader	$\text{VEK} = \frac{\text{VTK}}{\text{Mengd}}$
Formel 4.4	Sum totale kostnader	$\text{STK} = \text{FTK} + \text{VTK}$
Formel 4.5	Sum totale einingskostnader	$\text{SEK} = \frac{\text{STK}}{\text{Mengd}}$
Formel 4.6	Differansekostnad	$\text{DK} = \text{STK}_2 - \text{STK}_1$
Formel 4.7	Differanseiningskostnad	$\text{DEK} = \frac{\text{DK}}{\text{Endring i mengd}}$
Formel 4.8	Sum totale inntekter	$\text{STI} = \text{Salspris (P)} \cdot \text{Mengd (X)}$
Formel 4.9	Salspris	$\text{P} = \frac{\text{Salsinntekt (STI)}}{\text{Mengd (X)}}$
Formel 4.10	Resultat (overskot eller underskot)	Resultat = Salsinntekt (STI) – Sum totale kostnader (STK)